



ARKIVVERKET



STATISTIKK FOR ARKIVINSTITUSJONAR OG ARKIV I BIBLIOTEK OG MUSEUM 2018

I KORTE TREKK

Statistikken for arkivinstitusjonar og arkiv i bibliotek og museum 2018 omfattar **svar frå 144**, av 161 spurde, institusjonar. 29 er reine arkivinstitusjonar, 67 er museum og 48 er bibliotek.

Det er pr. 31.12.18 bevart **571 083 hyllemeter (hm) arkiv**. Den store mengda - 91 % - er bevart i reine arkivinstitusjonar, 6 % i museum og 3 % i bibliotek.

Det er ei skeiv fordeling av kva for materiale som er bevart frå dei ulike samfunnssektorane. **125 498 hm er frå privat sektor**, såkalla privatarkiv – arkiv frå organisasjonar, bedrifter og enkeltpersonar. Privatarkiv utgjer 22 % av det som er bevart.

I snitt er **73 % av arkivbestanden ordna og katalogisert**. Ein stor del av privatarkiva er ikkje ordna og katalogisert. I praksis er i snitt **ein tredel av privatarkiva utilgjengelege**. Kommunale arkiv er også i mindre grad ordna og katalogisert enn statlege arkiv, og trekker saman med privatarkiv totalsnittet ned. Men desse har, trass i ein tilvekst på nesten 18 000 hm siste året, auka ordningsgraden sin med ein prosent frå 2017.

Arkivinstitusjonane har samla **publisert informasjon om 68,1 % av arkiva** sine på Arkivportalen.no. For museum gjeld dette berre for 20,3 % og bibliotek 11,1 %. Arkivverket har publisert desidert mest informasjon om enkeltarkiv. Vi ser ein svak auke i publisering av informasjon om enkeltarkiv frå 2017 - frå 47,8 % til 53,1 % for 2018. Her er **forbetringspotensialet framleis stort**. Det er særleg arkivinstitusjonane som har auka sin del.

Digitalt skapt materiale er framleis i liten grad bevart. Særleg gjeld dette digitalt skapt materiale frå private aktørar. Det er til saman bevart 2 680 uttrekk (eksport av databaseinnhald til struktur eigna for langtidslagring) frå offentlege aktørar og 260 uttrekk frå private aktørar. Mengda arkivuttrekk og GB aukar særleg i Arkivverket og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Dei sistnemnde har auka mengda GB med nesten 10 000 frå 2017.

Nesten 43 millionar foto er oppbevart i institusjonane. For 2017 opplyste **75 % av institusjonane at dei oppbevarer audiovisuelt arkivmateriale¹**. **34 % av desse har uviss eller ikkje sikker oppbevaring**. Tilhøva er noko betre i arkivinstitusjonar enn i museum og bibliotek.

Digitalisering: Arkivverket ligg på topp, med nesten 60 millionar digitaliserte dokumentsider. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har no digitalisert over 25 millionar sider til saman. **Musea har digitalisert flest foto - ca. 800 000**.

Nettsidene til Arkivverket (inkl. Digitalarkivet.no) har registrert i overkant av 1,3 millionar unike brukarar og i overkant av 7,5 millionar besøk i 2018. Nettsidebruken er stabilt høg. Dette kan tyde på at brukarane har begynt å hente ut meir av informasjonen dei treng på nett enn det dei har gjort tidlegare.

¹ Basert på tal frå 2017. Institusjonane er ikkje bedne om å oppgi desse tala i år, då Nasjonalbiblioteket har eit større kartleggingsprosjekt.

Digitalarkivet er den best besøkte kulturnettstaden i Noreg med 1 million unike brukarar og 5,9 millionar besøk.

Totaltalet for lesesalgjester har gått ørlite ned. Arkivverket har flest lesesalbesøk, har lånt ut flest arkivstykke og fått flest førespurnader. **Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har litt fleire førespurnader om eigedomsforhold og dokumentasjon av rettar enn Arkivverket.** Meir bruk av nettsider og digitalisert materiale verker altså samstundes til å halde oppe talet på førespurnader.

Institusjonane har rundt 700 arkivfaglege årsverk, eller **793 arkivrelaterte årsverk**, til saman.



Foto: Berre

OM STATISTIKKEN

Riksarkivaren har som oppgåve å hente inn årleg statistikk frå institusjonar som tek vare på historiske arkiv. Denne oppgåva låg tidlegare i Kulturrådet, men blei i 2014 formelt overført til Arkivverket etter at Arkivmeldinga (2013)² foreslo ei slik overføring.

Formålet med statistikken er å få eit overordna bilete av situasjonen for arkiva i arkivbevarande institusjonar, og å måle endringar over tid. Oversikta brukast til å definere behov for arkivsektoren, og nyttast av Riksarkivaren i arbeidet med rettleiing, i oppfølginga av bevaringsinstitusjonane, og i rolla som utviklingsaktør. Statistikken går også vidare til Statistisk sentralbyrå som publiserer utvalde tal i den årlege rapporten «Kulturstatistikk»³.

Statistikken for arkivinstitusjonar og arkiv i bibliotek og museum, eller «Arkivstatistikken», for 2018 omfattar svar frå 144 institusjonar – 29 arkivinstitusjonar, 67 museum og 48 bibliotek (bibliotek-kategorien inkluderer folkebibliotek, fagbibliotek/dokumentasjonssentre og lokalhistoriske arkiv/samlingar). 161 institusjonar fekk tilsendt spørreskjema, noko som betyr ein svardel på 89 % (94 % for arkivinstitusjonar, 99 % for museum og 77 % for bibliotek). Dei aller fleste institusjonane som har levert inn svarskjema har svart på tilnærma alle spørsmål, medan nokre få institusjonar har svart på berre nokre av spørsmåla. Arkivverket har i samletala som presenterast i denne analysen inkludert bestandstal (tal på hyllemeter og tal på arkiv) frå 2017 for fem museum og bibliotek som i år ikkje har svart på spørreskjemaet⁴. Dette for at totaltalet ikkje skal svinge så mykje frå år til år, avhengig av kva for institusjonar som svarar eller ikkje svarar. I praksis betyr dette at bestandstala i analysen for 2018 omfattar 144 arkivbevarande institusjonar. Sjå samletabellane og enkeltinstitusjonane sine svar⁵ for meir informasjon om kva for tal Arkivverket har lagt inn manuelt.

Arkivstatistikken gir kunnskap om situasjonen i dei arkivbevarande institusjonane i Noreg, og høve til å følge utviklinga over tid. Det er likevel visse manglar ved statistikken slik at ikkje alt historisk arkivmateriale omfattast av denne statistikken. For statleg materiale dekkjer statistikken omtrent alt materiale, ettersom så å seie alle dei statlege verksemdene har Arkivverket som depot for sitt historiske arkivmateriale. Men for det kommunale materialet så omfattar statistikken berre det arkivmaterialet som er kome inn til dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane (heretter kalla (fylkes) kommunale arkivinstitusjonar; det vil seie byarkiv, fylkesarkiv og interkommunale arkivordningar). Historisk materiale frå kommunar som ikkje nyttar ei (fylkes)kommunal arkivordning fell utanfor arkivstatistikken. Per desember 2018 gjeld dette materiale frå ca. 10 %⁶ av kommunane i Noreg.

For privatarkivmateriale dekkjer statistikken berre det materialet som er kome inn til institusjonane som får spørreskjema. Arkivverket sender spørreskjemaet til alle institusjonar som vi veit oppbevarer privatarkiv. Det finst fleire mindre aktørar, med frivillige (til dømes historielag og andre frivillige organisasjonar) som oppbevarer slikt materiale. Arkivverket kjenner ikkje til alle desse, og dei får derfor ikkje tilsendt spørreskjema.

² Meld. St. 7 (2012-2013) – Arkiv

³ Sjå: <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kulturstatistikk>

⁴ Haugaland museene, Midt-Troms museum, Oslo museum og Preus museum, og Asker bibliotek.

⁵ Sjå: <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/arkivstatistikken-amb/tal-og-analyser-fra-2018>


⁶ Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane oppgir å dekke 395 av 439 kommunar og fylkeskommunar i Norge per 2018.

Pr. 2018 er det totalt bevart 571 083 hyllemeter (heretter: hm) arkiv i norske arkivinstitusjonar, museum og bibliotek.

91,28 % av arkivmaterialet blir bevart i det vi har definert som reine arkivinstitusjonar. Arkivverket bevarer 268 879 hm, og dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane (heretter kalla: (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar) bevarer til saman 238 432 hm. Dei andre arkivinstitusjonane, mellom dei Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Misjons- og diakoniarkivet - VID, Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Stortingsarkivet bevarer 13 970 hm.

Musea og biblioteka bevarer til saman 8,72 % av den totale arkivmengda – 49 802 hm.

Figur 1: Fordeling av total arkivbestand i hyllemeter 2018



BESTAND


Arkivinstitusjonane bevarer både offentlege arkiv og privatarkiv – arkiv etter organisasjonar, bedrifter og personar. Medan museum og bibliotek i all hovudsak bevarer privatarkiv.

Tabell 1: Hyllemeter totalt og hyllemeter privatarkiv pr. 2018

INSTITUSJONSTYPE	Hyllemeter totalt	Tilvekst totalt 2018	Hyllemeter privatarkiv	Tilvekst privatarkiv 2018
Arkivverket	268 879	1 187	37 180	710
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	238 432	17 741	31 736	1 396
Andre arkivinstitusjonar	13 970	2 294	12 000	311
Sum arkivinstitusjonar	521 281	21 222	80 916	2 417
Fagbibliotek /dokumentasjonssenter	13 475	336	13 451	348
Folkebibliotek	1 663	427	927	418
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 261	-118	884	-240
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	16 399	645	15 262	526
Museum	33 403	1 911	29 320	1 814
SUM ALLE	571 083	23 778	125 498	4 757

Den samla tilveksten for 2018 er 23 778 hm – ein svak vekst frå 2017⁷. Tilveksten er i hovudsak i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane, som hadde ein samla tilvekst på heile 17 741 hm.

Figur 2: Utvikling i hyllemeter 2014-2018




⁷ Gjennom mediekonvertering (skanning av papirarkiv) av nyare papirarkiv forventar Arkivverket at ein stor del av papiretterslepet i forvaltninga vil bli levert inn digitalt.

BESTAND

Total bestand av privatarkiv er på 125 498 hm. Det er ein auke på 14,3 % frå 2014. Privatarkiv er no 22 % av den totalt bevarte bestanden i Noreg, om lag som i 2014. Prosentdelen har auka nokre år, men mottak av større etterslep frå (fylkes)kommunal sektor har utjamna denne auken. Samla rapportert tilvekst for privatarkiv var 4 757 hm. Museum og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar hadde størst tilvekst av privatarkiv i hm.

Figur 3: Fordeling privatarkiv og offentlig arkiv i 2018



Arkivmaterialet må vere ordna og katalogisert for å vere mogleg å finne fram i. Det er, og vil alltid vere eit visst etterslep i ordning og katalogisering.



Foto: Berre

Tabell 2: Hyllemeter som er ordna totalt pr. 2018

INSTITUSJONSTYPE	Hyllemeter totalt	Hyllemeter ordna	Del som er ordna
Arkivverket	268 879	209 218	77,8 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	238 432	162 512	68,2 %
Andre arkivinstitusjonar	13 970	12 707	91,0 %
Sum arkivinstitusjonar	521 281	384 437	73,7 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	13 475	9 735	72,2 %
Folkebibliotek	1 663	1 377	82,8 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 261	1 110	88,0 %
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	16 399	12 222	74,5 %
Museum	33 403	20 947	62,7 %
SUM ALLE	571 083	417 606	73,1 %

Delen ordna materiale varierer mellom dei ulike institusjonstypene. Total arkivbestand som er ordna og katalogisert utgjer 417 606 hm, det vil seie litt over 73 % av total bestand (ein auke frå 72,6 % i 2017). Kommunale arkiv er i mindre grad ordna og katalogisert enn statlege arkiv, og trekker totalsnittet ned. Men desse har trass i ei tilvekst på nesten 18 000 hm siste året auka ordningsgraden sin med ein prosent frå 2017.

Arkivinstitusjonane er bedne om å gje eit overslag over ledig magasinkapasitet. Den ledige plassen dei har til å ta imot nytt arkivmateriale er på til saman 129 191 hm. Det er ein reduksjon frå fjoråret på 13 809 hm. Riksarkivaren si kartlegging (2015)⁸ stipulerer rundt 190 000 hm papirarkiv ute i statleg forvaltning. Gjennom mediekonvertering (skanning av papirarkiv) av nyare papirarkiv forventar Arkivverket at ein stor del av papiretterslepet i forvaltninga vil bli levert inn digitalt. Riksarkivaren si årlege undersøking for kommunale arkivtenester («Kommuneundersøkinga») for 2016⁹ melde om rundt 240 000 hm papirarkiv ute i kommunane. I tillegg er det eit stort etterslep på bevaring av privatarkiv.

⁸ Sjå: <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/statlige-arkiver-2/kartlegging-av-fysisk-og-elektronisk-skapt-materiale-i-statlig-sektor-2015>.

⁹ Sjå: <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/kommunearkiver/tall-fra-2016-kommuner>

DIGITALT SKAPT MATERIALE

Det var ved utgangen av 2018 bevart 2 680 arkivuttrekk frå offentleg sektor og 260 arkivuttrekk frå private aktørar i dei ulike bevaringsinstitusjonane. Institusjonane skulle i år for andre gong også oppgi mengde digitalt skapt arkivmateriale i GB. Mengda arkivuttrekk og GB aukar særleg i Arkivverket og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Dei sistnemnde har auka mengda GB med nesten 10 000 frå 2017.

Tabell 3: Digitalt skapt arkivmateriale totalt pr. 2018

INSTITUSJONSTYPE	Offentlege uttrekk	Private uttrekk	Total uttrekk	GB
Arkivverket	1 356	41	1 397	11 100
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	1 324	35	1 359	24 288
Andre arkivinstitusjonar	0	7	7	21 997
Sum arkivinstitusjonar	2 680	83	2 763	57 385
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	Ikkje spurt	33	33	1
Folkebibliotek	Ikkje spurt	3	3	1
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	Ikkje spurt	0	0	0
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	Ikkje spurt	36	36	2
Museum	Ikkje spurt	141	141	5 924
SUM ALLE	2 680	260	2 940	63 311

Med arkivuttrekk meiner ein å eksportere internt databaseinnhald i eit datasystem til ein struktur som er meir eigna for langtidsbevaring i eit digitalt depot. I offentleg forvaltning og i institusjonane som er depot for offentleg materiale er «arkivuttrekk» eit kjent omgrep. Digitalt skapt materiale frå private aktørar kjem som regel inn til bevaringsinstitusjonane som lause filstrukturar på harddisk, minnepinne, cd-rom eller liknande. Derfor er det nok heller slikt ein del institusjonar har oppgitt som uttrekk. Desse har hittil sjeldan kome inn i ein struktur som er eigna for langtidslagring.





Foto: Berre

Figur 4: Utvikling i tal på uttrekk 2014-2018



Figur 4 viser utviklinga i tal på bevarte arkivuttrekk i perioden 2014 til 2018. Talet på offentlege uttrekk har i denne perioden auka frå 1 850 til 2 680. Talet på uttrekk frå private aktørar har i den same perioden auka frå 10 til 260.

Fleire institusjonar har meldt inn at dei per d.d. ikkje har moglegheit til å rapportere noko tal i GB. Til saman er litt over 63 000 GB rapportert inn (51 268 GB i 2017). Ei stor mengde finst hos Arkivverket og i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane. Men den største mengda data hos ein enkeltinstitusjon finst hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans som oppbevarer mykje foto-, lyd- og film/videomateriale - eit materiale som tek mykje plass.



Foto: Berre

FOTO

Vi ser ein svak auke i talet på foto i arkivinstitusjonane generelt, samt ein auke i digitale foto. Bestanden hos Arkivverket er uendra, mens fotobestanden ved fagbiblioteka/dokumentasjonssentra har auka frå 10 582 407 foto i 2017 til 11 275 781 foto i 2018, ein tydeleg auke. Medan vi ser ein viss reduksjon av bestanden ved dei lokalhistoriske arkiva/samlingane og folkebiblioteka. Musea oppbevarer store mengder foto¹⁰, til saman nesten 12 millionar; ein viss nedgang sidan 2017, som kan skuldast endring i praksisen for rapportering til Museumsstatistikken.

Tabell 4: Foto totalt pr. 2018

INSTITUSJONSTYPE	Foto totalt	Foto analoge	Foto digitalt skapte	Foto registrert i katalogsystem
Arkivverket	6 500 000	6 450 000	50 000	150 000
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	7 886 666	2 706 567	67 534	708 600
Andre arkivinstitusjonar	4 873 435	4 644 000	199 673	209 472
Sum arkivinstitusjonar	19 260 101	13 800 567	317 207	1 068 072
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	11 275 781	11 266 810	10 567	296 257
Folkebibliotek	43 966	37 542	5 956	33 894
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	346 531	169 048	186 033	74 582
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	11 666 278	11 473 400	202 556	404 733
Museum	11 845 045	4 666 444	313 720	2 575 194
SUM ALLE	42 771 424	29 940 411	833 483	4 047 999

I år er det andre gong arkivstatistikken stiller meir detaljerte spørsmål om fotobestanden og om digitalt skapte foto. Tala syner at den store mengda foto ved bevaringsinstitusjonane består av analoge foto; og av totalt 42 771 424 foto så er det berre 833 483 som er digitalt skapte, ein viss auke frå 2017. Ein del institusjonar har ikkje opplyst om forholdet mellom analoge og digitalt skapte foto. Det er musea som oppgir å ha flest digitalt skapte foto.

Av heile bestanden på 42 771 424 foto, så er 4 047 999 foto oppgitt som registrerte i katalogsystem. Av dette er det igjen musea som har registrert klart flest foto.

¹⁰ Musea er bedne om å oppgi foto i privatarkiva sine, foto som ikkje høyrer til privatarkiv skal dei rapportere til museumsstatistikken.

FILM/VIDEO OG LYD

Sidan første runde i 2007 har Arkivstatistikken hatt spørsmål om lyd og film/video. Men akkurat kva institusjonane har vore bedne om å oppgi tal på har vore noko vagt formulert og har også endra seg frå år til år. For rapporteringsåra 2007 og 2008 er det uklart kva for måleeining institusjonane skulle svare i, medan det frå 2009 til 2014 varierte mellom måleeiningane timar og minutt¹¹. Når Arkivverket overtok arkivstatistikken i 2014, spurte vi institusjonane om å oppgi talet på opptak. Det blei konkludert med at det framleis var vanskeleg å vite kva institusjonane eigentleg rapporterte inn sidan institusjonane internt måler sitt audiovisuelle arkivmateriale på ulike måtar. Der nokre måler i tal på fysiske einingar, måler andre i tid, og andre igjen i tal på opptak eller enkeltkutt.

Ei utfordring er at mange av institusjonane ikkje kjenner omfanget av sitt eige audiovisuelle arkivmateriale. Det er ein av årsakene til at Nasjonalbiblioteket i 2018 fekk i oppdrag å kartlegge mengde, typar og oppbevaringstilhøve for audiovisuelt materiale i norske bevaringsinstitusjonar. Det er derfor håp om at fleire institusjonar har betre oversikt over denne typen materiale i 2019.

Spørjeskjemaet for i år ber institusjonane om å oppgi sitt audiovisuelle materiale *anten* i tal på opptak, i tal på fysiske einingar eller i tal på timar. Det å velje éi måleeining vil forhåpentleg gjere det enklare å måle utvikling frå år til år frå no av. Sjølv om institusjonane fekk beskjed om å velje ut éi måleeining, ser vi at nokre få institusjonar har oppgitt i alle tre måleeiningane. Samletal bør derfor lesast med omhug grunna moglege førekomstar av dobbel- og trippelrapporteringar av det same materialet.



Foto: Berre

¹¹ Kommentaren i dei årlege analysane av tala var i denne perioden at det var uklart kva institusjonane eigentleg melde inn av tal, og at ein rekna med at fleire institusjonar melde inn talet på fysiske einingar, ikkje det dei blei spurde om.

Tabell 5: Lyd og film/video totalt pr. 2018

INSTITUSJONSTYPE	Lyd- opptak totalt	Lyd- berarar totalt	Lyd timar totalt	Film/ video- opptak totalt	Film/ video- berarar totalt	Film/ video- timar totalt
Arkivverket	24 437	7 750			4 542	
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	25 663	4 747	0	11 856	2 687	0
Andre arkivinstitusjonar	0	9 918	0	70	12 780	482
Sum arkivinstitusjonar	50 100	22 415	0	11 926	20 009	482
Fagbibliotek/ dokumentasjonssenter	1 141	225 420	1 412	985	206 003	193
Folkebibliotek	251	123	65	415	171	0
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	932	1 309	600	222	3 607	200
Sum bibliotek/ lokalhistoriske arkiv	2 324	226 852	2 077	1 622	209 781	393
Museum	56 426	32 902	1 038	11 176	19 849	394
SUM ALLE	108 850	282 169	3 115	24 724	249 639	1 269

Mykje audiovisuelt arkivmateriale oppbevarast i dei ulike bevaringsinstitusjonane i Noreg. Det er mange institusjonar som set sitt materiale under måleeininga «berar», noko som tyder på at det tidlegare nok har vore ein del feilrapportering ettersom det ikkje har vore eit alternativ å oppgi dette materialet i denne måleeininga¹².

Tabell 5 syner at folkebiblioteka og dei lokalhistoriske arkiva oppbevarer ei beskjeden mengde audiovisuelt arkivmateriale samanlikna med arkivinstitusjonane, fagbiblioteka/dokumentasjons-sentra og musea.




Foto: Berre

¹² Til dømes ser vi at Nasjonalbiblioteket no vel å oppgi sitt omfattande materiale i måleeininga «fysiske einingar», mens dei tidlegare måtte oppgi materialet i eininga undersøkinga spurte om i det aktuelle året.

DIGITALISERING

Som tidlegare år har Arkivverket det største talet på digitaliserte papirsider, men dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane kjem godt etter. Elles er tala varierende frå år til år, også innanfor same bevaringsinstitusjon. Det kan tyde på at det er noko uklart frå år til år korleis oppteljinga skjer.

I år er det musea som oppgir å ha flest digitaliserte foto, mens dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane kjem på ein god andreplass. Både Arkivverket, dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane, fagbiblioteka/dokumentasjonssentra (tal ikkje oppgitt av Nasjonalbiblioteket) og musea rapporterer inn færre digitaliserte foto i år enn i fjor¹³.

Tabell 6: Digitalisering totalt pr. 2018

INSTITUSJONSTYPE	Papir (sider)	Foto (tal)	Lyd (opptak)	Lyd (berarar)	Lyd (timar)	Film (opptak)	Film (berarar)	Film (timar)
Arkivverket	57 228 987	51 854	4 133	1 762	4 116	255		
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	25 679 210	549 300	20 349	783	0	931	223	1
Andre arkivinstitusjonar	231 600	94 162	420	4	1 266	370	46	1 008
Sum arkivinstitusjonar	83 139 797	695 316	24 902	2 549	5 382	1 556	269	1 009
Folkebibliotek/ dokumentasjonssenter	98 570	193 992	18	101	495	41	5	23
Folkebibliotek	22 132	33 894	0	0	65	126	70	0
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	6 377	230 186	200	0	200	0	546	40
Sum bibliotek/ lokalhistoriske arkiv	127 079	458 072	218	101	760	167	621	63
Museum	675 218	812 698	46 184	2 220	493	4 633	307	166
SUM ALLE	83 942 094	1 966 086	71 304	4 870	6 635	6 356	1 197	1 238

For digitalisering av lyd, så har vi bedt om anten tal på opptak, berarar eller timar¹⁴. Musea har klart flest digitaliserte lydopptak og digitaliserte lydberarar. Arkivverket har oppgitt klart mest lyd i timar.

Digitalisering av filmopptak gjer musea mest av. Digitaliserte berarar er det lokalhistoriske arkiv og samlingar som har flest av. I den siste kategorien, digitalisert film i timar, så har andre arkivinstitusjonar klart flest av desse.

¹³ Den største reduksjonen kjem i kategorien fagbibliotek/dokumentasjonssenter, då Nasjonalbiblioteket (som i fjor rapporterte inn over 1 million digitaliserte foto) i år ikkje oppgir tal for digitalisert arkivmateriale.

¹⁴ Sjå kapittel om lyd og film/video for meir informasjon om måleiningar.

REGISTRERING

Registreringssystemet Asta er det nasjonale verktøyet for forvaltning av og informasjon om historiske arkiv. I systemet registrerast opplysningar om arkivskapar og arkiv, og om bestanddelar av arkivet. For å kunne publisere arkivinformasjonen på Arkivportalen.no, og slik gjere den tilgjengeleg for publikum, er det ein føresetnad at materialet først er registrert i Asta.

Arkivverket har registrert alle arkiva sine i Asta, og det høge talet registrerte arkivstykke og mapper viser eit høgt nivå av detaljregistrering av dei ulike bestanddelane av arkiva.

Tabell 7: Registrert materiale totalt pr. 2018


INSTITUSJONSTYPE	Tal på enkelt-arkiv	Tal på registrerte arkiv (Asta)	Tal på registrerte arkivstykke (Asta)	Tal på registrerte mapper (Asta)	Del registrerte arkiv (Asta)
Arkivverket	25 474	25 474	2 858 610	4 454 424	100,0 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	49 498	45 259	1 012 077	2 441 292	91,4 %
Andre arkivinstitusjonar	2 858	2 768	65 109	310 504	96,9 %
Sum arkivinstitusjonar	77 830	73 501	3 935 796	7 206 220	94,4 %
Fagbibliotek /dokumentasjonssenter	8 067	1 377	Ikkje spurt	Ikkje spurt	17,1 %
Folkebibliotek	1 438	66	Ikkje spurt	Ikkje spurt	4,6 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 730	306	Ikkje spurt	Ikkje spurt	17,7 %
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	11 235	1 749	Ikkje spurt	Ikkje spurt	15,6 %
Museum	21 120	10 454	Ikkje spurt	Ikkje spurt	49,5 %
SUM ALLE	110 185	85 704	3 935 796	7 206 220	77,8 %

Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har totalt sett registrert flest arkiv i Asta. Musea og biblioteka har registrert ein veldig liten del av sine enkeltarkiv i Asta. Spesielt gjeld dette for biblioteka, der berre ca. 1/10 av enkeltarkiva dei oppbevarer er registrert i Asta. Nasjonalbiblioteket oppbevarer i alt heile 6 100 enkeltarkiv, men har ikkje registrert desse i Asta (dei bruker ei eigenutvikla løysing for å registrere og publisere arkivinformasjonen sin på egne nettsider). Det er generelt mange museum og bibliotek som enno ikkje har tatt i bruk Asta.

TILGJENGE OG BRUK

100 % av arkivinstitusjonane oppgir at publikum har tilgjenge til arkivkatalogane/arkivinformasjon på lesesal. Delen museum som har slik informasjon tilgjengeleg er 71 %. For fagbibliotek gjeld det 89 %, og for folkebiblioteka har 65 % slik informasjon tilgjengeleg for publikum.

Figur 5: Tilgjenge på lesesal




Det er ikkje mogleg for brukarane av arkiva i Noreg å møte opp i alle relevante bevaringsinstitusjonar for å få informasjon om dei ulike arkiva. For å få tilgang til arkivkatalogane med registrerte opplysningar om arkiva, er det derfor naudsynt å publisere desse. Arkivportalen.no er den nasjonale publiserings- og søkjetenesta for arkivkatalogar i bevaringsinstitusjonane.

Sjølv om Arkivportalen.no er den nasjonale tenesta, nyttar ikkje alle seg av den for å gjere sine arkivkatalogar tilgjengelege for brukarane. For mange er berre delar av bestanden publisert. 57 bevaringsinstitusjonar, eller 41 % av institusjonane, rapporterer i 2018 at dei har publisert sine katalogar på Arkivportalen.no¹⁵.


¹⁵ Talet på bevaringsinstitusjonar oppgitt på Arkivportalen.no er ikkje samanfallande ettersom konsoliderte museum og Arkivverket der er registrerte etter einingar/stad.

Figur 6: Tilgjenge til arkivkatalogar på nett




Blant desse er andelen mykje høgare for arkivinstitusjonane enn for museum/bibliotek, med forholdstala 86 % mot 29 % av museum/bibliotek som gjer det same.

Figur 7: Tilgjenge til arkivinstitusjonane sine arkivkatalogar på nett



Mange institusjonar publiserer arkivkatalogane sine på eigne nettsider, eller ikkje i det heile tatt. Dette gjeld i særleg grad bibliotek og museum (54 %).

Figur 8: Tilgjenge til biblioteka og musea sine arkivkatalogar på nett



Arkivinstitusjonane har samla sett publisert informasjon om 68,1 % av arkiva sine – ein auke frå 62,1 % i 2017. Dette fordeler seg på Arkivverket som har publisert informasjon om 97,7 % (91,7 % i 2017) av arkiva sine, dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane som har publisert om 52,4 % (44,8 % i 2017). Musea har publisert informasjon om berre 20,3 % (19 % i 2017), og biblioteka om så lite som 11,1 % (8,2 % i 2017).

Det er eit stort potensiale for å publisere informasjon om fleire arkiv på Arkivportalen.no. I sum er om lag 78 % registrert i Asta, mens berre ca. 53 % er publisert.

Talet på enkeltarkiv som faktisk er publisert på Arkivportalen.no pr. 2018¹⁶, er 57 021 – i overkant av halvparten (51,8 %) av arkiva som finst i norske bevaringsinstitusjonar. Det er ein svak auke frå fjoråret då delen var på 47,8 %. Delen er lågare for privatarkiv. Berre 21 579 - eller 38,5 % - av dei oppgitte privatarkiva (56 024) i alle bevaringsinstitusjonar er publiserte. Det er ein svak auke frå året før (35,3 %).

Tabell 8: Registrering og publisering av arkiv totalt pr. 2018

INSTITUSJONSTYPE	Tal på enkelt-arkiv	Tal på publiserte arkiv (Arkivportalen.no)	Del registrerte arkiv (Asta)	Del publiserte arkiv (Arkivportalen.no)
Arkivverket	25 474	24 888	100,0 %	97,7 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	49 498	25 931	91,4 %	52,4 %
Andre arkivinstitusjonar	2 858	2 185	96,9 %	76,5 %
Sum arkivinstitusjonar	77 830	53 004	94,4 %	68,1 %
Fagbibliotek /dokumentasjonssenter	8 067	1 208	17,1 %	15,0 %
Folkebibliotek	1 438	0	4,6 %	0,0 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 730	41	17,7 %	2,4 %
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	11 235	1 249	15,6 %	11,1 %
Museum	21 120	4 294	49,5 %	20,3 %
SUM ALLE	110 185	58 547	77,8 %	53,1 %

For alle institusjonstypar blei det rapportert inn 32 408 gjester på lesesalane og utlån av 59 986 arkivstykke.

Arkivverket er enkeltinstitusjonen med flest lesesalgjester i løpet av 2018, med 14 769. Talet på gjester har halde seg på nivået med 2017, og Arkivverket lånte ut i overkant av 37 000 arkivstykke til brukarar.

Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane hadde 7 712 gjestar på lesesalane, ein ørliten nedgang frå i fjor. Dei lånte ut 10 289 arkivstykke i 2018.

Talet på førespurnader er på 29 295 hos Arkivverket¹⁷. Medan dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane hadde 21 096 førespurnader, ein viss oppgang frå året før. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane hadde, som tidlegare, det høgaste talet førespurnader om eigedom og dokumentasjon av rettar.

¹⁶ Tal søkt fram 31.12.2018 i Arkivportalen.no


¹⁷ Arkivverket har tidlegare år oppgitt tal på førespurnader svart på av Publikumsavdelinga. Frå og med i år oppgir institusjonen tal på førespurnader svart på av heile institusjonen. I oppgitte tal ser vi derfor ein (unaturleg) oppgang på nesten 5 000 førespurnader frå i fjor.

Tabell 9: Besøk, utlån og førespurnader i 2018

INSTITUSJONSTYPE	Besøk på lesesal	Utlånte arkiv-stykke	Førespurnader totalt	Førespurnader eignedom/dokumentasjon av rettar	Unike besøkande nettstad	Besøk nettstad
Arkivverket	14 769	37 190	29 295	11 280	1 340 000	7 550 000
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	7 712	10 289	21 096	11 517	298 624	5 329 593
Andre arkivinstitusjonar	1 633	3 405	1 714	25	611 598	2 918 172
Sum arkivinstitusjonar	24 114	50 884	52 105	22 822	2 250 222	15 797 765
Fagbibliotek /dokumentasjonssenter	2 803	6 414	2 455	88	Ikkje spurt	Ikkje spurt
Folkebibliotek	315	34	86	5	Ikkje spurt	Ikkje spurt
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 058	121	619	3	Ikkje spurt	Ikkje spurt
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	4 176	6 569	3 160	96	Ikkje spurt	Ikkje spurt
Museum	4 118	2 533	4 799	76	Ikkje spurt	Ikkje spurt
SUM ALLE	32 408	59 986	60 064	22 994	2 250 222	15 797 765

Totaltalet for lesesalgjester har gått ørlite ned. Men førespurnadene har auka tydeleg med heile 8 900 fleire enn for fjoråret.

Figur 9: Utvikling i førespurnader og lesesalbesøk 2014-2018




Sjølv om Arkivverket har flest lesesalbesøk, har lånt ut flest arkivstykke og fått flest førespurnader, har dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane fått litt fleire førespurnader om eigedomstilhøve og dokumentasjon av rettar enn Arkivverket. Auken i førespurnader er så å seie åleine om eigedom og dokumentasjon av rettar i Arkivverket og dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane. Over tid har tal på førespurnader gått ned, men vi ser i år at denne trenden verkar å snu.

Samstundes er nettsidebruken stabilt høg. Dette kan tyde på at brukarane har begynt å hente ut meir av informasjonen dei treng på nett enn det dei har gjort tidlegare.

I 2018 blei det på Arkivverket sine nettsider (inkl. Digitalarkivet.no) registrert i overkant av 1,3 millionar unike brukarar og i overkant av 7,5 millionar besøk. Digitalarkivet held stand som den best besøkte kulturnettstaden i Noreg med 1 million unike brukarar og 5,9 millionar besøk¹⁸.

Figur 10: Utvikling i nettsidebruk 2016-2018



Meir bruk av nettsider og digitalisert materiale verker altså samstundes til å halde oppe talet på førespurnader. Årsaka til dette kan vere at arkiv er meir synleg for offentlegheita, på nett og i sosiale medium og at stadig fleire arkivkatalogar blir tilgjengelege på Arkivportalen; og at det gir auka merksemd om arkivmateriale som er tilgjengeleg.

¹⁸ Tal henta frå Arkiverket sin årsrapport for 2018: https://www.arkiverket.no/sok/_/attachment/inline/d9b77b77-6e8c-40ca-81f3-08f2c7777215:5b-f865856b271d0519b91b4f2c5b08e03e88afeb/A%CC%8Ar%srappo%t202018.pdf.

Besøkslogg 7100-19091642c3b8e0e3e8a0e7f4dccc%Arkiapprop%202106.pdf

Besøkslogg for Digitalarkivet i 2018 kan ikke samankinnast med tidlegare år fordi Arkivverket sine nettsider blei omstrukturert i 2017. Endringa gjer det no mogleg å få ei ny og meir presis teljing av trafikken for Digitalarkivet. Ei forklaring kan òg vere at debattforumet er flytta frå Digitalarkivet til arkivverket.no.

ÅRSVERK

Arkivinstitusjonane oppgir både faste og mellombelse årsverk, i tillegg til totalt tal på årsverk. Dessutan skal dei konkretisere kor mange av årsverka som er arkivfaglege og kor mange som er knytt til andre typar oppgåver. Tabell 10 syner at dei fleste årsverka i arkivinstitusjonane er arkivfaglege.

Tabell 10: Årsverk i arkivinstitusjonane i 2018

INSTITUSJONSTYPE	Faste	Mellombelse	Totalt	Av desse, arkivfaglege	Av desse, andre
Arkivverket	246	8	252	206	46
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	348	55	413	378	25
Andre arkivinstitusjonar	38	6	43	31	12
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	632	69	708	615	83

Arkivinstitusjonane har samla sett ei bemanning på like over 700 årsverk. Dette er ein innrapportert oppgang på 8 årsverk frå 2017. Det er dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane som står for auken i talet på årsverk, og i denne kategorien har det vore ein auke på litt over 23 årsverk det siste året. Arkivverket og dei andre arkivinstitusjonane rapporterer inn færre årsverk enn i 2017.

Musea og biblioteka oppgir arkivfaglege årsverk i faste, mellombels tilsette og totaltal. Tabell 11 viser at det totalt sett finst i underkant av 90 arkivfaglege årsverk i desse institusjonane. Det er musea som har flest arkivfaglege årsverk med rundt 50 slike, og dette utgjer eit gjennomsnitt på berre 0,8 arkivfaglege årsverk per museum.


Tabell 11: Arkivfaglege årsverk i musea og biblioteka i 2018

INSTITUSJONSTYPE	Arkivfaglege årsverk, faste	Arkivfaglege årsverk, mellombelse	Arkivfaglege årsverk, totalt
Fagbibliotek /dokumentasjonssenter	28	3	30
Folkebibliotek	2	0	1
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	4	0	4
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	34	3	35
Museum	46	9	50
SUM BIBLIOTEK/MUSEUM	80	12	85

ÅRSVERK

Dersom vi legg saman totalen for dei arkivfaglege årsverka i arkivinstitusjonane med dei arkivfaglege årsverka i musea og biblioteka, får vi rundt 695 arkivfaglege årsverk totalt. Dersom vi legg saman totalen for årsverk i arkivinstitusjonane (uavhengig av om dei er oppgitte som arkivfaglege eller anna) med dei arkivfaglege årsverka i musea og biblioteka, får vi rundt 793 arkivrelaterte årsverk.


Figur 11: Utvikling i årsverk 2016-2018



OPPBEVARINGSFORHOLD

For bevaringsinstitusjonane er det ei viktig oppgåve å sikre det fysiske arkivmaterialet mot forhold som kan redusere kvaliteten eller tilgjengelegheita. Institusjonane får spørsmål om det er registrert skadar siste året, og om materialet det siste året har vore tilstrekkeleg sikra. I tillegg får dei eit eige spørsmål om spesiell sikring av audiovisuelt materiale.


Figur 12: Skade arkivlokale siste år



Tala for registrerte skadar siste året syner utfordringar, spesielt knytt til skade frå klima og vatn.

Arkivlokala i arkivinstitusjonane er i hovudsak sikra mot dei fleste forhold, men vi ser at berre rundt 80 % av arkivinstitusjonane har god nok sikring mot klimatiske forhold.


Figur 13: Sikring av arkivlokale i arkivinstitusjonar



OPPBEVARINGSFORHOLD

I bibliotek og museum er den generelle sikringa av arkivlokala dårlegare. Berre rundt 70 % av institusjonane har sikra lokala mot skade og tjuveri og mot brann, og så lite som 55 % av institusjonane har sikra lokala mot klimatiske forhold.


Figur 14: Sikring av arkivlokale i bibliotek og museum



Oppbevaringa av audiovisuelt materiale syner at det er spesielle utfordringar knytt til sikker oppbevaring. I og med Nasjonalbiblioteket si kartlegging av dette materialet i 2018, er det grunn til å håpe at fleire institusjonar har betre oversikt til neste år.

Institusjonane som oppbevarer foto-, lyd- og/eller film/videomateriale blei bedne om å oppgi om dette arkivmaterialet blei oppbevart i lokale eigna for langtidsbevaring av slikt materiale. Svara viser at dette svært ofte ikkje er tilfellet. Berre 31 % av arkivinstitusjonane og 19 % av musea og biblioteka bekreftar at alt det audiovisuelle materialet deira er det. Rundt halvparten seier at ein del av materialet er oppbevart i eigna lokale. 21 % av arkivinstitusjonane svarer nei på spørsmålet, mens 38 % av bibliotek/museum svarer nei eller veit ikkje på same spørsmål.

Figur 15: Lagringsforhold audiovisuelt arkivmateriale i arkivinstitusjonar



OPPBEVARINGSFORHOLD

Arkivinstitusjonane har i hovudsak betre oppbevaringsforhold enn bibliotek og museum.

Figur 16: Lagringsforhold audiovisuelt arkivmateriale i bibliotek/museum

Bibliotek og museum - sikker oppbevaring av audiovisuelt arkivmateriale




Foto: Berre

PRIVATARKIV


Alle politiske styringsdokument som omtaler arkiv understrekar at eit av måla for arkivpolitikken er ein samla samfunnsdokumentasjon. Bevaringsverdige arkiv frå alle samfunnssektorar skal bevarast og gjerast tilgjengelege, slik at dei samla kan dokumentere samfunnet og samfunnsutviklinga. Arkiv frå statleg, kommunal og privat sektor utfyller kvarandre og belyser samfunnet frå ulike vinklar og ståstader. Ein må ofte bruke privatarkiv og offentlege arkiv i samanheng når ein skal finne relevant dokumentasjon.

Det er framleis svært skeivt kva for materiale som er bevart frå samfunnssektorar og regionar. Den totale privatarkivbestanden er nå på 125 498 hm eller 22 %, delen er om lag som i 2014. Prosentdelen har auka nokre år, men mottak av større etterslep frå (fylkes)kommunal sektor har utjamna denne auken. Det har likevel vore ein auke i hyllemeter på 14,3 % sidan 2014.

Det er ønskeleg å auke privatarkivdelen i åra framover, for å sikre ein representativ dokumentasjon av samfunnet og samfunnsutviklinga.

Tilveksten for privatarkiv har i 2018 vore på rundt 4 760 hm. Dette utgjer ca. 20 % av den totale tilveksten og er ein nedgang frå 2017. Museum og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar hadde størst tilvekst av privatarkiv i hm.


Figur 17: Utvikling i privatarkivdelen av den totale bestanden 2014-2017



Mengda materiale er meir likeleg fordelt mellom institusjonstypene for privatarkivbestand enn fordelinga av total bestand.

Arkivinstitusjonane oppbevarer rundt 64,5 % av privatarkivmaterialet i Noreg – med 29,6 % i Arkivverket, 25,3 % i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar og 9,6 % i andre arkivinstitusjonar. Musea bevarer 23,4 % av privatarkivmengda og biblioteka 12,2 %. Det er litt forskyvingar i høve til 2017.

Figur 18: Fordeling av privatarkivbestanden i 2018



Til saman 136 (av 144) institusjonar oppgir privatarkiv i bestanden: 28 arkivinstitusjonar, 65 museum og 43 bibliotek. Mengda varierer frå 1 hm i eit folkebibliotek til Arkivverket sine 37 180 hm.

Tabell 12: Hyllemeter privatarkiv pr. 2018

INSTITUSJONSTYPE	Hyllemeter privatarkiv
Arkivverket	37 180
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	31 736
Andre arkivinstitusjonar	12 000
Sum arkivinstitusjonar	80 916
Fagbibliotek /dokumentasjonssenter	13 451
Folkebibliotek	927
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	884
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	15 262
Museum	29 320
SUM ALLE	125 498

Dei 25 største institusjonane på privatarkiv bevarer til saman 106 670 hm - 85 % av totalt bevarte hyllemeter med privatarkivmateriale.

SPESIELT OM PRIVATARKIV

Tabell 13: Oversikt over institusjonane som har flest hyllemeter privatarkiv i 2018

NR.	NAVN PÅ INSTITUSJON	Privatarkiv bestand hm	Total bestand hm
1	Arkivverket	37 180	268 879
2	Bergen byarkiv	12 277	39 330
3	Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	7 965	7 965
4	Nasjonalbiblioteket	6 000	6 000
5	Universitetsbiblioteket i Bergen (inkl. Skeivt arkiv og spesialsamlingene)	4 236	4 236
6	Vestfoldarkivet	3 620	5 201
7	Aust-Agder museum og arkiv	3 244	9 301
8	Arkiv i Nordland	2 972	6 775
9	Østfoldmuseene	2 625	2 737
10	NTNU Universitetsbiblioteket i Trondheim	2 575	2 575
11	Oslo byarkiv	2 483	22 719
12	Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	2 425	7 155
13	Stiftelsen Lillehammer museum (inkl. Opplandsarkivet, avd. Maihaugen)	2 395	2 395
14	Misjons- og diakoniarkivet, VID	2 213	2 213
15	Mjøsmuseet	1 659	1 659
16	Stiftelsen Norsk Folkemuseum	1 636	1 636
17	Telemark Museum	1 636	1 636
18	Museene i Sør-Trøndelag A/S	1 518	1 519
19	Anno museum	1 500	1 500
20	Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	1 482	1 482
21	Norsk Luthersk Misjonssamband	1 200	1 200
22	Stiftelsen Norsk Teknisk museum	1 185	1 257
23	AAT-NIA (Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark / Norsk Industriarbeidermuseum)	985	985
24	Romsdalsmuseet	909	909
25	Fylkesarkivet i Oppland	750	23 000
	Sum privatarkiv 25 største	106 670	

Blant dei 25 største er Arkivverket, 7 (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar, 3 andre arkivinstitusjonar, 11 museum og 3 bibliotek.

Det bevarte privatarkivmaterialet er relativt dårleg tilgjengeleg for brukarar. Berre 67,4 % av privatarkiva er ordna og katalogisert. Dette er ein auke på ein prosent frå 2017, men tyder framleis at om lag 1/3 av privatarkiva i Noreg er utilgjengelege. Denne delen har ikkje endra seg nemneverdig dei siste åra.

SPESIELT OM PRIVATARKIV

Situasjonen er mest utfordrande i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane og i musea med høvesvis 54,8 og 63,2 % som er ordna og katalogisert. Folkebiblioteka har særleg lite privatarkivmateriale, og 69,3 % av dette er ordna. Musea tar vare på ein stor del av privatarkiva i Noreg, men har lite ressursar til å ordne og katalogisere materialet. Dei har få fagfolk på arkivfeltet og prioriterer sjeldan arkivfaglege stillingar. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har fagfolk og fagmiljø, men har heller ikkje sett av mykje ressursar til privatarkivarbeid som ikkje er lovpålagt – fleire har også eigarar som berre finansierer dei offentlege arkiva. Fleire av desse har i aukande grad tatt inn privatarkivmateriale dei siste åra.

Tabell 14: Privatarkiv ordna pr. 2018

INSTITUSJONSTYPE	Hyllemeter privatarkiv	Hyllemeter privatarkiv ordna	Privatarkiv del som er ordna
Arkivverket	37 180	26 744	71,9 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	31 736	17 378	54,8 %
Andre arkivinstitusjonar	12 000	10 938	91,2 %
Sum arkivinstitusjonar	80 916	55 060	68,0 %
Fagbibliotek /dokumentasjonssenter	13 451	9 713	72,2 %
Folkebibliotek	927	642	69,3 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	884	690	78,1 %
Sum bibliotek/lokalhistoriske arkiv	15 262	11 045	72,4 %
Museum	29 320	18 531	63,2 %
SUM ALLE	125 498	84 636	67,4 %

Delen privatarkiv (enkeltarkiv) som faktisk er publisert på Arkivportalen.no pr. 2018, er lågare enn for offentlege arkiv. Berre 21 579 - eller 38,5 % - av dei oppgitte privatarkiva (56 024) i alle bevaringsinstitusjonar er publiserte. Det er ein svak auke frå året før (35,3 %).

Arkivverket har publisert størstedelen, deretter kjem andre arkivinstitusjonar og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Tala viser at bibliotek og museum (som i all hovudsak berre bevarer privatarkiv) er institusjonskategoriane som registrerer og publiserer minst materiale (totaltal – inkluderer både offentlig og privat arkivmateriale). Spesielt gjeld dette for biblioteka, der i snitt berre 11,1 % av enkeltarkiva dei oppbevarer er registrert i Asta og publisert på Arkivportalen.no. Musea har publisert informasjon om 20,3 % av enkeltarkiva sine. Museum og bibliotek har så å seie berre privatarkiv, og desse er det for brukarar nær uråd å vite at finst, om det ikkje er enkelt å søke opp informasjon.

Det er altså eit stort potensiale for å publisere informasjon om fleire arkiv på Arkivportalen.no. Gevinsten er absolutt størst for privatarkiv.

For 2018 har talet på digitale uttrekk¹⁹ frå private arkivskaparar auka noko (sjå tabell 3 føre). Det var ved utgangen av 2018 bevart 260 arkivuttrekk frå private aktørar i dei ulike bevaringsinstitusjonane. Digitalt skapt materiale frå private aktørar kjem som regel inn til bevaringsinstitusjonane som lause filstrukturar på harddisk, minnepinne, cd-rom eller liknande, og det er nok heller slikt ein del institusjonar har oppgitt som uttrekk. Desse kjem sjeldan inn i ein struktur som er eigna for langtidslagring. Det er først og fremst Fylkesarkivet i Oppland som har tatt imot uttrekk frå private aktørar. Av musea oppgir enkelte å ha tatt imot uttrekk. Det gjeld også Nasjonalbiblioteket.

Institusjonane skulle i år for andre gong også oppgi mengde digitalt skapt materiale i GB. Fleire institusjonar har meldt inn at dei per d.d. ikkje har moglegheit til å rapportere noko tal i GB. Den største mengda data hos ein enkeltinstitusjon finst hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans som oppbevarer mykje foto-, lyd- og film/videomateriale - eit materiale som tek mykje plass.



Foto: Berre

¹⁹ Med arkivuttrekk meiner ein å eksportere internt databaseinnhald i eit datasystem til ein struktur som er meir eigna for langtidsbevaring i eit digitalt depot. I offentlig forvaltning og i institusjonane som er depot for offentlig materiale er «arkivuttrekk» eit kjent omgrep. Omfanget på eit uttrekk varierer mykje. Særleg er forskjellen stor på uttrekk frå filstrukturar kontra fagsystem. Omgrepet er ofte ikkje like kjent i institusjonane som i hovudsak tek vare på privatarkiv.

ARKIVINSTITUSJONANE

Det har i 2018, som tidlegare år, vore ein høg aktivitet knytt til både rettleiing og formidling i arkivinstitusjonane.

Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane rapporterer inn ein oppgang i dagsverk knytt til synfaring mm. Samstundes rapporterer dei framleis om høgt tal på deltakarar på kurs for arkivskaparar, etter auken i 2017. Dette kan tyde på at dei har ei meir systematisk tilnærming til rettleiing i samanheng med kommunesamanslåingane.

Tabell 15: Rettleiing, kurs og deltakarar på kurs i 2018

INSTITUSJONSTYPE	Dagsverk synfaring, til- syn, rettleiing	Tal på kurs for arkivskaparar	Deltakarar på kurs for arkivskaparar
Arkivverket	1 200	0	0
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	2 702	311	2 985
Andre arkivinstitusjonar	80	32	169
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	3 982	343	3 154

Arkivinstitusjonane har halde 349 arrangement, 370 foredrag av tilsette og lagd 49 fysiske utstillingar.

Tabell 16: Arrangement, foredrag og utstillingar i 2018


INSTITUSJONSTYPE	Arrangement	Foredrag	Fysiske utstillingar
Arkivverket	165	67	3
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	111	235	28
Andre arkivinstitusjonar	73	68	18
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	349	370	49

I tillegg er 24 undervisningsopplegg produsert, som 327 grupper har gått gjennom. Institusjonane har til saman gitt ut 335 publikasjonar. Dei har også produsert 339 fagartiklar og 237 andre typar artiklar. Åtte forskingssamarbeid er rapportert, der fire av desse er utanlandske.

MEIR OM ARKIVINSTITUSJONANE

Nesten alle institusjonane har eigen nettside. Særs mange bruker også sosiale medium (som Facebook, Twitter, Instagram m.m.) til formidling. For ein del institusjonar blir også fagtidsskrift og aviser nytta til å formidle.


Figur 19: Formidlingskanalar i 2018



23 (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar har svart på undersøkinga. Desse er interkommunale arkiv (såkalte IKA), fylkesarkiv og byarkiv. Desse har kommunar eller fylkeskommunar som eigarar og styrast av desse.

Dei oppgir å ha 395 deltakande kommunar og fylkeskommunar av 439 kommunar pr. 2018 og dekkar dermed ca. 90 % av kommunane i Noreg pr. 2018²⁰. Alle desse tilbyr depot for papirmateriale, og 87 % har også tilbod om depot for elektronisk arkiv med tilhøyrande tenester.

Figur 20: Tenester for arkiv i 2018




²⁰ Då er ikkje IKA Øst som ikkje har svart for 2018 rekna inn. IKA Øst tilbyr digitalt depot for ein fylkeskommune og fire kommunar.

MEIR OM ARKIVINSTITUSJONANE

Institusjonane tilbyr også ei rekke andre tenester til sine eigarar, slik som kurs, fagleg rettleiing og arkivfaglege møte. Enkelte har også tilbod om rådgjeving ved kjøp og innføring av elektroniske system for arkiv.

Figur 21: Andre tenester i 2018



INDELING INSTITUSJONSTYPAR

ARKIVINSTITUSJONAR

- Arkivverket (Riksarkivet, Statsarkiva, Samisk arkiv og Norsk helsearkiv)

Andre arkivinstitusjonar

- Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek
- Norsk Luthersk Misjonssamband
- Norsk Lydinstitutt (Ikkje svart)
- Norsk senter for folkemusikk og folkedans
- Stortingsarkivet
- Misjons- og diakoniarkivet, VID

(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar

- Arkiv i Nordland
- Aust-Agder museum og arkiv
- Bergen byarkiv
- Drammen byarkiv
- Folloarkivet
- Fredrikstad byarkiv
- Fylkesarkivet i Oppland
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
- Hordaland fylkesarkiv
- IKA Finnmark
- IKA Hordaland
- IKA Kongsberg
- IKA Møre og Romsdal
- IKA Rogaland
- IKA Troms
- IKA Trøndelag
- IKA Vest-Agder
- IKA Øst (Ikkje svart)
- Oslo byarkiv
- Stavanger byarkiv
- Tromsø byarkiv og bibliotek
- Trondheim byarkiv
- Vestfoldarkivet
- Østfold interkommunale arkivselskap

MUSEUM

- AAT-NIA (Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark / Norsk Industriarbeidermuseum)
- Anno museum
- Arran Lulesamisk senter / Árran - julevsáme guovdásj
- Buskerudmuseet
- Dalane folkemuseum
- Drammens museum for kunst og kulturhistorie
- Falstadsenteret
- Forsvarets museer
- Gudbrandsdalsmusea AS
- Hardanger og Voss Museum (Ikkje svart)
- Haugalandmusea (svar frå i fjor lagt inn manuelt av AV)
- Helgeland museum
- Ivar Aasen-tunet
- Jødisk Museum i Oslo
- Kistefos-Museet
- Midt-Troms Museum (svar frå i fjor lagt inn manuelt av AV)
- Mjøsmuseet
- Musea i Sogn og Fjordane
- Musea for kystkultur og gjenreisning i Finnmark IKS
- Musea i Akershus (MIA)
- Musea i Sør-Trøndelag A/S
- Museet Midt IKS
- Museum Nord
- Museum Stavanger AS
- Museum Vest
- Museumssenteret i Hordaland
- Narvik krigsmuseum
- Nordlandsmuseet
- Nordmøre museum, stiftelsen
- Nord-Troms museum
- Norsk Bergverksmuseum
- Norsk Jernbanemuseum
- Norsk Luftfartsmuseum
- Norsk Oljemuseum
- Norsk Skogfinsk Museum
- Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum
- Norsk vegmuseum
- Oslo Museum (svar frå i fjor lagt inn manuelt av AV)

- Perspektivet Museum
- Preus museum (svar frå i fjor lagt inn manuelt av AV)
- PUNKT Ø AS
- Randsfjordmusea AS
- RiddoDuottarMuseat
- Romsdalsmuseet
- Ryfylkemuseet
- Skimuseet i Holmenkollen
- Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
- Stiftelsen Kulturkvartalet
- Stiftelsen Lillehammer museum (inkl. Opplandsarkivet, avd. Maihaugen)
- Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst
- Stiftelsen Norsk Folkemuseum
- Stiftelsen Norsk Teknisk museum
- Stiftinga Jærmuseet
- Stiftinga Sunnmøre Museum
- Stiklestad nasjonale kultursenter
- Sunnhordland museum
- Svalbard museum
- Sør-Troms Museum
- Telemark Museum
- Tromsø museum
- Valdresmusea AS
- Varanger museum IKS
- Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum
- Vest-Agder-museet IKS
- Vest-Telemark museum
- Vigeland-museet
- Østfoldmusea

BIBLIOTEK

Fagbibliotek/dokumentasjonssenter

- Arbeiderbevegelsens arkiv Hedmark
- Arne Bjørndals samlinger (Ikkje svart)
- Det teologiske Menighetsfakultet Historisk Arkiv (ikkje svart)
- Finnmark fylkesbibliotek
- Folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal, Volda (Ikkje svart)
- Folkemusikkarkivet i Telemark
- Folkemusikkarkivet NRK (Ikkje svart)

- HL-senteret
- Nasjonalbiblioteket
- Norges geologiske undersøkelse, biblioteket
- Norsk polarinstitutt, biblioteket
- NTNU Universitetsbiblioteket i Trondheim
- Universitetsbiblioteket i Bergen (inkl. Skeivt arkiv og spesialsamlingene)
- Universitetsbiblioteket i Tromsø

Folkebibliotek

- Alvdal bibliotek
- Asker bibliotek (svar frå i fjor lagt inn manuelt av AV)
- Ballangen folkebibliotek
- Brønnøy bibliotek
- Bærum bibliotek
- Hamarøy bibliotek (Ikkje svart)
- Harstad bibliotek
- Haugesund folkebibliotek
- Karmøy folkebibliotek
- Kristiansand folkebibliotek
- Kristiansund bibliotek
- Kvæfjord folkebibliotek
- Levanger bibliotek
- Loppa folkebibliotek (Ikkje svart)
- Meråker (kombinasjons)bibliotek
- Namsskogan folkebibliotek
- Notodden bibliotek
- Ringerike bibliotek
- Rjukan bibliotek (Ikkje svart)
- Røros folkebibliotek
- Selje folkeboksamling
- Sirdal folkebibliotek (Ikkje svart)
- Skiptvet bibliotek
- Sola folkebibliotek
- Spydeberg bibliotek
- Sula Bibliotek
- Surnadal folkebibliotek
- Time bibliotek
- Tingvoll bibliotek
- Vennesla bibliotek
- Verdal bibliotek

Lokalhistoriske arkiv/samlingar

- Drangedal historielag
- Eiker arkiv
- Flesberg historielag (Ikkje svart)
- Gol bygdearkiv
- Hedrum historielag (Ikkje svart)
- Hemsedal bygdearkiv (Ikkje svart)
- Hol bygdearkiv
- Jølster lokalhistorisk arkiv (Ikkje svart)
- Lier historielag
- Lokalhistorisk senter Horten
- Nore og Uvdal bygdearkiv (Ikkje svart)
- Rakkestad lokalsamling
- Sauda lokalarkiv (Ikkje svart)
- Ski lokalhistoriske arkiv
- Sogndal lokalhistorisk arkiv (Sogndal bibliotek)
- Ål bygdearkiv
- Ås kommunes lokalhistoriske arkiv